




Årsrapport

Helsefellesskap Møre og Romsdal

ETABLERT 2021



Innhald	
Innleiing	1
Partnerskapsmøte	2
Strategisk samarbeidsutval	2
Samarbeidssekretariat	3
Lokale Samarbeidsutval	4
LSU Kristiansund	4
LSU Molde	4
LSU Volda	5
LSU Ålesund	5
Faglege samarbeidsutval	5
Berekraft og utvikling	6
PANDEMI	6
UTVIKLINGSPLANAR	6
ARBEIDSFORM	6
PERSPEKTIV PÅ UTVIKLINGSARBEID	6
ØKONOMI	7
TEKNOLOGI	7

Innleiing

Helsefellesskap Møre og Romsdal er, ilag med 18 andre helsefellesskap utover landet, forankra i *Nasjonal helse- og sykehusplan*. Disse skal bestå av helseføretak og kommunane i opptaksområdet. Representantar frå helseføretak, tilhøyrande kommunar, fastlegar og brukarar vil møtast for å planlegge og utvikle tenestane saman.

Helse- og omsorgsdepartementet inngjekk ein samarbeidsavtale med Kommunesektorens Organisasjon KS om etablering av helsefellesskap i tråd med Nasjonal helse- og sykehusplan. Dei prioriterte innsatsen inn mot barn og unge, alvorleg psykisk sjuke og ruspasientar, samt personar med fleire kroniske lidingar og skrøpelege eldre.

Arbeidet er vidare forankra i revidert Samarbeidsavtale mellom dei 26 kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF.

Årsrapporten for 2021 ber preg av at Helsefellesskap Møre og Romsdal har vore i ei oppstartsfase og i tillegg prega av pandemien.

Det er etablert eiga nettside for Helsefellesskap Møre og Romsdal. HMR HF fasiliterer nettsida. Her vil ein finne referat frå Partnerskapsmøte, Strategisk samarbeidsutval og Lokale samhandlingsutval. I tillegg finn ein sider for kvart av dei faglege samarbeidsutvala med handlingsplanar.

Ålesund kommune søkte om økonomisk støtte frå Helsedirektoratet til å etablere ein Felles sekretariatsfunksjon for kommunar i helsefellesskapet. Nordmøre interkommunale politiske råd NIPR, Romsdal interkommunalt politisk råd ROR, og Sunnmøre Regionråd SR stilte seg bak søknaden. Funksjonen vil venteleg verte etablert i løpet av våren 2022.

Partnerskapsmøte

Det er gjennomført 2 møter – eit kort konstituerande møte og eit ordinært møte hausten 2021.

Kommunedirektør Per Sverre Ersvik(Hustadvika kommune) er valt som leiar og May Helen Molvær Grimstad(HMR HF) som nestleiar for inneverande valperiode(2020 - 2023).

Partnerskapsmøte rakk ikkje å planlegge og gjennomføre eit utvida samarbeidsmøte i 2021, i tråd med samarbeidsavtalen.

Det kom fram at det er behov for å klargjere SSU sitt oppdrag og prioriteringar framover i tråd med Nasjonal helse- og sykehusplan. Med bakgrunn i dette vedtok Partnerskapsmøte 17.11.21 å gje SSU 2 oppgåver for vidare handsaming:

1. Partnerskapsmøtet gir Strategisk samarbeidsutvalg i oppdrag å konkretisere og tydeliggjøre oppgavene til de ulike nivåene i helsefellesskapet med utgangspunkt i den godkjente samarbeidsavtalen mellom kommunene og Helse Møre og Romsdal. Arbeidet skal sikre en felles forståelse av oppgavene med siktemål om et velfungerende Helsefellesskap som gir verdi for brukerne/pasientene, partnerne, utvalgene og fastlegene. Presisering av oppgavene skal legges frem for Partnerskapsmøtet til godkjenning, men uten ny revisjon av selve samarbeidsavtalen.
2. Partnerskapsmøtet i Helsefellesskap Møre og Romsdal gir Strategisk samarbeidsutvalg i oppgave å sikre lokal forankring og involvering i arbeidet med innspill til Nasjonal helse- og sykehusplan 2024-2027. Strategisk samarbeidsutvalg sender helsefellesskapets egne tilbakemeldinger, samt innspill basert på spørsmål i invitasjonen fra Helse og omsorgsdepartementet innen fristen 1.april 2022. Det skal i hovedsak sendes inn felles innspill fra Helsefellesskap M&R, men lokale innspill kan inkluderes.

Strategisk samarbeidsutval

Det er gjennomført 2 møter. Fyrst eit kort konstituerande møte der rådgjevar Mona Ryste(Volda klinikk, HMR HF) vart valt som ny leiar og kommunalsjef Tanja

Thalén(Molde kommune) som nestleiar for 2021 og 2022. Deretter eit ordinært møte hausten 2021. Utvalet har handsama totalt 17 saker.

Det konkrete samarbeidet mellom helseføretak og kommunar er søkt ivareteke i Samarbeidsavtalen.

SSU skal behandle data knytt til avviksstatistikk i samsvar med oppgåvene forankra i Samarbeidsavtalen.

SSU har førebudd 2 møter i Partnerskapsmøte i 2021.

Det har ikkje vore tvistesaker til behandling i 2021.

Oppnemning av faglege samarbeidsutval er forankra i Samarbeidsavtalen 2021.

SSU har delegert oppgåve til lokale samarbeidsutval og faglege samarbeidsutval.

- Ny felles *Mal Handlingsplan faglege samarbeidsutval* vart vedteke 01.12.2021. Arbeidet er forankra i Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse og omsorgstjenesten.

SSU har behandla saker som gjeld heile fylket eller som kan få konsekvensar for fleire delar av fylket. Arbeid med handlingsplanar i dei faglege samarbeidsutvala inkludert 2 felles retningslinjer starta opp i 2021 for godkjenning i 2022:

- Felles *Retningslinjer for samarbeid mellom spesialist- og primærhelsetenesta for pasientar med livsoppretholdande langtidsmekanisk ventilasjon LTMV* og revisjon av felles *Retningslinjer om bruk av kommunalt følgepersonell til pasientar som er til behandling i Helse Møre og Romsdal HF*.

SSU fekk i oppdrag å prioritere følgande arbeidsoppgåver frå Partnerskapsmøte 17.11.21:

1. Arbeidet med å konkretisere og tydeliggjøre oppgavene til de ulike nivåene i helsefellesskapet med utgangspunkt i den godkjente samarbeidsavtalen mellom kommunene og Helse Møre og Romsdal starta opp i 2021.
2. Arbeidet med sikre lokal forankring og involvering i arbeidet med innspill til Nasjonal helse- og sykehusplan 2024-2027 starta opp i 2021.

SAMARBEIDSSEKRETARIAT

Sekretariatet konstituerte seg sjølv.

Samhandlingssjef HMR HF Eli Klara Otterlei vart leiar for 2021 og 2022.

Samarbeidssekretariatet er representert i det regionale nettverket i Midt-Norge og i nasjonalt nettverk for Helsefellesskap i regi av Helsedirektoratet.

Det er gjennomført 2 Partnerskapsmøte.

Helsefellesskap Møre og Romsdal vart etablert mot slutten av 2021. Det er difor ikkje gjennomført avtalt årleg samling på tvers av faglege samarbeidsutval.

Det er i samarbeid med leiar og nestleiar gjennomført 2 møter i Strategisk samarbeidsutval i 2021 med siktemål om å koordinere oppfølging av Samarbeidsavtalen og vedtak i Partnerskapsmøte.

Det er skrive referat og publisert saksdokument på Helsefellesskap Møre og Romsdal - Helse Møre og Romsdal (helse-mr.no)

Det er i 2021 ikkje utarbeidd årleg rapport om samhandlingsavvik og presentert dette til strategisk samarbeidsutval og lokale samarbeidsutval.

Lokale Samarbeidsutval

Det har i vesentleg grad blitt gjennomført digitale møter i 2021.

Deler av arbeidet har vore knytt til tidlegare Samhandlingsavtale.

Helsefellesskapsstrukturen bidreg til å styrkje fokuset på samarbeid mellom helseføretak og kommunar.

LSU KRISTIANSUND

Ingeborg Dyrnes, kommunalsjef Smøla kommune, har vore leiar for utvalet.

Det vart gjennomført totalt 2 møter i LSU Kristiansund i 2021. I tillegg har det vore 2 møter saman med LSU Molde.

Tema:

1. Ivaretagelse og omsorg for pårørende, hvor arbeidsgruppe var nedsatt.
2. Barn og unge si helseteneste i Møre og Romsdal som er ei eiga satsing som LSU Kristiansund støtter.
3. Helseplattformen.

Videre er også LSU Kristiansund opptatt av handling, ikke bare møter med informasjon.

LSU MOLDE

Oddbjørn Tomren, avdelingssjef medisin og nevrologi Molde sjukehus, har vore leiar for utvalet.

Det ble gjennomført totalt 7 møter i LSU Molde i 2021. To av desse saman med LSU Kristiansund. Det er har vore høg aktivitet i utvalet der ein har handsama 14 saker. Saker i LSU Molde er i stor grad prega av pasient- og prosessorienterte forbetringar.

LSU Molde har lagt stor vekt på konkrete forbetringar i grensesnittet mellom spesialist – og kommunehelsetenesta under mottoet *frå ord til handling!* Det vart i 2020 etablert 4 konkrete forbettringsprosjekt. Arbeidet med desse fire prosjekta har vore vidareført i 2021:

Prosjekt 1 - Frå floskel til handling - «Rett pasient på rett sted»

Prosjekt 2 - Tidleg mobilisering av pasientar ved innlegging i sjukehus

Prosjekt 3 - Pasientforløp for Parkinson

Prosjekt 4 - Økt talet på uteksaminerte sjuke- og vernepleiarar frå HiMolde i Molde

LSU VOLDA

Renathe Rossi-Kaldhol, kommunalsjef Herøy kommune, har vore leiar for utvalet.

Det ble gjennomført totalt 5 møter i LSU Volda i 2021.

LSU Volda har hatt 45 saker på saklista gjennom året. Det har ut over dette vore handsama eit stort spekter av saker, inkludert innspel til handlingsplanane til dei faglege samarbeidsutvala.

Pandemien har gjort det vanskeleg å ha fysiske møte, og deltakinga på teams møta har vore mangelfull med unntak for Volda sjukehus.

LSU ÅLESUND

Elisabeth Siebke, kliniksjeff Ålesund sjukehus, har vore leiar for utvalet.

Det er gjennomført 4 møter i LSU Ålesund i 2021. I tillegg har LSU delteke i høyringsmøte knytt til handlingsplanar frå 4 faglege utval og vidare sendt innspel til desse.

Det er behandla totalt 26 saker i 2021 inkludert høyringsinnspela til dei fire handlingsplanane.

Hovudfokuset har vore å inspirere og halde kvarandre orienterte om prosjekt og prosessar ved sjukehuset i Ålesund og i kommunar på Nordre Sunnmøre. Utvalet har hatt gjennomgang av den nye Samarbeidsavtalen 2021-2025 inkludert Helsefellesskapsstrukturen og drøfta oppgåvene til LSU.

Faglege samarbeidsutval

Faglege samarbeidsutval

- Dei faglege samarbeidsutvala har jobba god med revisjon av handlingsplanar og fleire har også klart å justere planane etter ny mal vedteke i Strategisk samarbeidsutval
- Dei faglege samarbeidsutvala har i varierende grad valt å slutføre påbegynte aktivitetar framfor å prioritere oppstart av aktivitetar knytt til dei prioriterte pasientgruppene.
- Det vil vere behov for å styrkje fokus på systematisk forbetningsarbeid i pasientforløpa, her under målbare resultat/effekt.

Delavtale 1:

Fagleg samarbeidsutval for barn og unge (habilitering, somatikk og psykisk helsevern)

- Handlingsplan for barn og unge (vedteke i SSU 26.01.22).

Fagleg samarbeidsutval for behandlarsamarbeid

Fagleg samarbeidsutval for psykisk helse og rus

- Handlingsplan psykisk helse og rus (vedteke i SSU 26.01.22).

Fagleg samarbeidsutval for multisjuka, stormottakar og palliasjon

- Handlingsplan for multisjuka og palliasjon (vedteke i SSU 26.01.22).

Fagleg samarbeidsutval for rehabilitering

Fagleg samarbeidsutval for vaksenhabilitering

Delavtale 2:

Fagleg samarbeidsutval for kunnskapsoverføring, forskning og utdanning, samt praksiskonsulentordninga

Delavtale 3:

Fagleg samarbeidsutval for svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg

Delavtale 4:

Fagleg samarbeidsutval for IKT-løysingar og elektronisk samarbeid

Delavtale 5:

Fagleg samarbeidsutval for samarbeid om helsefremjande og førebyggjande helsearbeid

Deleavtale 6:

Fagleg samarbeidsutval for beredskapsplanar

Fagleg samarbeidsutval for akuttmedisinsk kjede

- Handlingsplan for akuttmedisinsk kjede (vedteke i SSU 26.01.22).

Berekraft og utvikling

PANDEMI

- Pandemien har hatt stor innverknad på helsepersonell sitt arbeid i 2021. Den kan ha gitt noko forseinka oppstart av Helsefellesskap Møre og Romsdal.
- Ved utgangen av 2021 var om lag 90% av befolkninga nær fullvaksinert. Dette gir meir føreseielege arbeidsforhold for både sjukehus og kommunar og dermed også knytt til pasientforløpa.

UTVIKLINGSPLANAR

- Arbeidet med revisjon av Utviklingsplanen for Helse Møre og Romsdal HF starta opp i 2021.
- Gjennom endringar i juni 2021 i HOL kapittel 6 er det forventat helsefellesskapet skal utarbeide ein felles utviklingsplan for sitt arbeid.

ARBEIDSFORM


- Det har i hovudsak blitt gjennomført møter på alle nivå digitalt i 2021. Dette er i hovudsak ei hensiktsmessig arbeidsform både ift arbeidsmiljø og berekraft.
- Møta har ikkje heilt funne si form i pandemiåret. Møtekultur og arbeidsform, inkludert leiing og medverknad var og er under utforming.

PERSPEKTIV PÅ UTVIKLINGSARBEID

For å kunne forstå utfordringar i pasientforløpa og skape resultat er det behov for å styrkje generell analysekapasitet i og for helsefellesskapet. Dette inkluderer også å ta i bruk offentleg tilgjengeleg statistikk, her under eksisterande styringsdata frå Helsedirektoratet.

Tabellen under er eksempel på slik styringsinformasjon og syner variasjon i funksjonsnivå hos skrøpelege eldre pr 1000 innbyggjarar.

Figur 4.18 Antall personer per 1000 innbygger 75 år og eldre med dårlig eller svært dårlig funksjonsnivå. Data fra KPR per region og kommuner innad i helsefellesskapene 2019.



Styringsinformasjon om helsefellesskap fra Helsedirektoratet 2020.

Antall personer per 1000 innbygger 75 år og eldre med dårlig eller svært dårlig funksjonsnivå. Data fra KPR per region og kommuner innad i helsefellesskapene 2019.

Geografisk samanlikning av sjukdomsbyrde, funksjonsnivå og aktivitet/ helsehjelp kan hjelpe oss å sette mål og prioritet for innsats i Helsefellesskap Møre og Romsdal. Slik statistikk bør først løpande for å følge utviklinga over tid.

Det vert for øvrig ikkje stilt krav til miljøregnskap til helsefellesskap.

Verken alder eller kjønnsfordeling blant deltakarane i helsefellesskapet er kartlagt.

Utbygging av felles tenestetilbod i Nordmøre og Romsdal handlar om Sjukehuset i Nordmøre og Romsdal og Distriktsmedisinsk senter i Kristiansund er i full gang og representerer ein eigen samarbeidsarena som opnar for ytterlegare forbetring av pasientforløpa.

ØKONOMI

Hovudkostnadane knytt til arbeidet i helsefellesskapsstrukturen vert dekkja av partnerane. Det vert ikkje ført rekneskap knytt til ekstern prosjektstøtte.

Som ein del av vertskapsrolla Ålesund kommune skal ha for Felles sekretariatsfunksjon for Helsefellesskap Møre og Romsdal vert det fom 01.12.21 ført rekneskap for refusjon for fastlegar og brukarrepresentantar for kommunalt nivå. Ordninga for statleg finansierte felles sekretariatsfunksjon kom ikkje i gang i 2021.

Praksiskonsulentar tilsvarande 1,3 stilling vert delfinansierte mellom helseføretaket og kommunane.

TEKNOLOGI

Helseplattformen vil bli innført tidlegast i 2023 i fylket. Løysinga er eit nasjonalt pilotprosjekt for Ein innbyggjar – ein journal. Ein forventar at samhandlinga mellom kommunar, sjukehus, fastlegar og brukarar vert vesentleg endra etter dette.

Årsrapport 2021 Helsefellesskap Møre og Romsdal

Signatur Per Sverre Eide

Signatur May-Helen M. Grimstad